



MESTERHUS

– det blir som avtalt

Lindås Kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Eikangervåg, 09.04.2018

Tilleggsdokumentasjon byggesak gbnr 24/50

Viser til brev av 22/03-18 i sak 18/178 der de ber om tilleggsdokumentasjon. Søknad om dispensasjon for byggegrense mot sjø er laga i eige skriv – vedlegg Q1. Dispensasjonen er nabovarsla, det er ikkje mottatt merknader til varselet.

Punkt 2 i brevet som handlar om fyllingsfot har ansvarlig søkjar tatt opp med entreprenør. Vi kan etter gjennomgang med entreprenør ikkje heilt forstå kor kommunen meiner fyllingsfoten kjem inn på 24/22.

Snitt C til situasjonsplanen viser eigedomsgrense mot 24/22 og fyllingsfot som er avslutta på 24/50, situasjonsplanen viser 2 meter frå bygningskropp til grense og det er same mål som er lagt til grunn i snitt C. Fyllinga er avslutta med 45° vinkel og er i følge entreprenør teknisk sett fult mogleg å etablere som vist. Det føreligg naboerklæring på at huset kan førast opp 2 meter frå grensa.

Med bakgrunn i det anser me det som klargjort korleis dette er tenkt gjennomført. Skulle det vera forhold med fyllinga / fyllingsfoten kommunen ser annleis på ber me om ei konkret tilbakemelding på kor de oppfattar at den kryssar grensa.

Med vennlig helsing
Kålås Bygg AS

Lars Alvær Hagesæter
Tlf.: 45 20 18 19
E-post: lars@kalsbygg.no

Vedlegg:

- C1 – Opplysningar gitt i nabovarsel
- C2 – Kvittering nabovarsel
- C3 – Kvittering frå posten på sending
- Q1 – Dispensasjon byggegrense

KÅLÅS BYGG AS

Torvhusmyrane 2, 5913 Eikangervåg, Tlf.: 56 35 33 70,

www.mesterhus.no